

Årsmøte | Rogaland Mållag

Årsmøte på Jelsa hotell 29. april 2023

Sakliste

1. Konstituering
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Årspengar
5. Vedtektsendringar
6. Innkomne saker
7. Fråsegner
8. Handlingsplan
9. Val
 - styret
 - valnemnd
 - revisor

Til stades:

Filip Missuno og Randi Ese Ur frå Suldal Mållag, Ellen Einervoll og Inge Kristian Sunde frå Sandnes Mållag, Bjarne Kvadsheim og Ottar Sandanger frå Stavanger Mållag, Tarjei Gjesdal og Kåre Søyland frå Gjesdal Mållag, Asbjørn Ask og Oddvar Skiftun frå Hjelmeland Mållag, Lars Fossåskaret frå Strand Mållag, Magne Viggo Høyland og Knut M. Norddal frå Jæren Mållag, Knut Georg Nilsen og Eva Ølberg frå Sola Mållag, Einar Schibeveag, Atle Brandsar, Terje Fatland, Lise Østebø og Anne Elise Winterhus frå Rogaland Mållag. Alle var røysteføre.

Sak 1/23 Konstituering

Terje Fatland gjorde framlegg på møteiar og møtebokskrivar, Atle Brandsar gjorde framlegg på to representantar til å skrive under møteboka.

Fylgjande vart samrøystes valde:

Møteleiar: Terje Fatland

Møtebokskrivar: Atle Brandsar

Representantar til å skrive under møteboka: Anne Elise Winterhus og Bjarne Kvadsheim

Sak 2/23 Årsmelding

Møteleiar viste til årsmeldinga og opna for ordskifte om denne. Møtelyden melde ifrå om at det må gå tydeleg fram kven i fylkeslagsstyret som er kontaktperson for dei ulike lokallaga. Elles vart det etterlyst ei evaluering av ordninga med redusering ned til fire styremedlemer. Styret meldte samrøystes attende at dette er ei god ordning som både motiverer og forpliktar.

Årsmeldinga vart samrøystes vedteke.

Sak 3/23 Rekneskap

Møteleiar orienterte om svingingane i dei børsnoterte fonda, og tydeleggjorde at Rogaland mållag si eige i fond per dags dato har slått positivt ut. Elles viste møteleiar til den framlagte rekneskapen og opna for ordskifte. Under ordskiftet vart det påpeikt at rekneskapen bør tilgjengeleggjerast på ein slik måte at innhaldet blir betre synleg. Styret tok merknadane til seg.

Rekneskapen vart samrøystes vedteke.

Sak 4/24 Årspengar

Fylkessatsen for medlemspengar til Rogaland Mållag er 60 kroner.

Samrøystes vedteke.

Sak 5/23 Vedtektsendringar

Ingen framlegg til handsaming.

Sak 6/23 Innkomne framlegg

Ingen framlegg til handsaming.

Sak 7/23 Fråsegner

Møteleiar viste til gjennomgang av den framlagte fråsegna retta til fylkeskommunen ved fylkesordføraren tidlegare same dag, og opna for ordskifte om denne.

Ordsiftet gjekk på statistikken som var brukt i andre avsnitt, om denne stemmer overeins med røynda. Andre avsnitt såg slik ut då fråsegna vart lagt fram for årsmøtelyden:

Kvart år går over 10.000 nynorskelevar ut av grunnskulen i Rogaland. Altfor mange av dei skifter frå nynorsk til bokmål i møte med den vidaregåande skulen. Berre 5,5 prosent av elevane heldt på målforma si ved fullført vidaregåande opplæring.

Årsmøtelyden kom fram til fylgjande endringsframlegg, som vart samrøystes vedteke:

Kvart år går over 10.000 ~~nynorske~~levar ut av grunnskulen i Rogaland. Altfor mange av dei skifter frå nynorsk til bokmål i møte med den vidaregåande skulen. ~~Berre 5,5 prosent av elevane heldt på målforma si ved fullført vidaregåande opplæring.~~

Årsmøtet i Rogaland mållag stør fråsegna med nemnte endringar, og set sin lit til at styret tek ein siste språkvask før utsending.

Sak 8/23 Handlingsplan

Atle Brandsar la fram handlingsplanen på vegne av styret, som vart samrøystes vedteken.

Sak 9/23 Val

Anne Elise Winterhus la fram fylgjande innstilling frå valnemnda:

- Leiar: Einar Schibeavaag, Stavanger Mållag – 1 år attval
- Styremedlem: Atle Brandsar, Stavanger Mållag – 2 år ny (vara 2022)
- Styremedlem: Lise Østebø, Stavanger Mållag – ikkje på val
- Møtande varamedlem: Alexander Rügert-Raustein, Stavanger Mållag – 1 år ny
- Revisor: Arne Kleppa – 1 år attval

Valnemnda har vore: Arne Kleppa, Stian Ravndal og Anne Elise Winterhus


Valnemnd for 2024:

Arne Kleppa, Hjelmeland Mållag
Stian Ravndal, Gjesdal Mållag
Anne Elise Winterhus, Stavanger Mållag
Vara: Beate Aasen Bøe, Jæren Mållag

Etter eit ordskifte om revisor- og valnemndsverv burde kombinerast eller ikkje, kom årsmøtet fram til fylgjande kandidat i staden for Arne Kleppa i valnemnda for 2024: Ottar Sandanger, Stavanger Mållag.

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke saman med endringa i valnemnda, kor Ottar Sandanger gjekk inn i staden for Arne Kleppa.

Møtet heva.


Anne Elise Winterhus


Bjarne Kvadsheim


Atle Brandsar
møteskrivar